

## Mellombels tiltak ved skulen

14.08.2012



Det vert mellombels tiltak i denne fløyen

**Opprusting og renovering med ferdigstilling sumaren 2015. Mellombels tiltak vert igangsett straks for å hindra låg temperatur fram til skulen er renovert.**

**Dette blir lova i eit omfattande svar frå kommunalsjef**

**Asbjørn Skår på klaga som vart sendt tidlegare i sommar frå FAU til fylkesmannen over manglande tiltak for utbetring av inneklimaet i skulen i Uskedalen. Renoveringa vert starta i 2014.**



Andrea Hjelmeland frys sist vinter i klasserommet

Kommunalsjefen slår fast at avvika ved skulen må rettast opp så snart det er mogeleg og av økonomiske og praktiske grunnar vil dette høva best i samband med gjennomføring av renoveringsprosjektet. Skår legg her til grunn kommunelegen si vurdering av tilstanden. Midlar til vedlikehald har i kommunen vore nedprioriterte i mange år og dette har ført til at kommunale bygninger etter kvart må få omfattande renovering. Dette er situasjonen for Uskedalen oppvekstsenter og det er med dette som bakgrunn at det politiske miljø også har prioritert denne skulen, skriv Skår.

Han lovar at tekniske tenester vil sørgja for beredskap som sikrar at det vert sett på nødvendig varme i god tid før skuleaktivitet ved kaldt og vindfullt ver. Saman med tetting av vindauge skal dette hindra at elevane og tilsette må opphalda seg i rom med temperatur under det som er forsvarleg og norm.

Elevar og tilsette har opplevd å koma til rom der temperaturen har vore nede i 13 grader. Elevane har måtta sitja med ytterklede på. Situasjonen går ut over læringsevne og konsentrasjon.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen